

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 17/4088-14

Strandanipatunnelen, klage på namnevedtak

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Hovudutval for samferdsle tek klagen frå Kartverket til følgje og endrar namnet på tunnelen ved Kleiva til Strandanipatunnelen.

Vedlegg:

Klage - Strandanipatunnelen/Strandanipetunnelen - Selje kommune.
Brev frå Selje kommune; vurdering av klage på namnevedtak Strandanipatunnelen.
Brev frå Språkrådet, tilråding namn på tunnel i Selje kommune

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I møte den 26.09.17, sak 31/17 vedtok Hovudutval for samferdsle at namnet på den nye tunnelen ved Kleiva i Selje kommune skulle vera Strandanipatunnelen. Stadnamntenesta på Vestlandet og fylkesdirektøren tilrådde namnet Strandanipetunnelen.

I brev av 17.01.19 viser Kartverket til hovudutvalet sitt vedtak, og opplyser at dei vart kjende med dette vedtaket etter at Stadnamntenesta gjorde Kartverket merksame på dette 15. januar i år.

Kartverket klagar på vedtaket om Strandanipatunnelen etter § 10 i lov om stadnamn, med følgjande grunngjeving:

«Skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk er regulert av lov om stadnamn. Hovudprinsippet for normering er å ta utgangspunkt i nedervd uttale, og å fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd. I tillegg må ein ta omsyn til kva skrivemåtar som alt er registrerte som godkjende eller vedtekne i det offisielle registeret for stadnamn i Noreg, Sentralt stadnamnregister (SSR).

Eit rettskrivingsprinsipp i norsk er at bunden form av ord og namn fell bort når dei står som førelekk i ei samansetning. Dette inneber til dømes at dersom namnet *Strandanipa* skal stå i ei samansetning, bør skrivemåten vera *Strandanipe-* og ikkje *Strandanipa-*. I Selje kommune finn ein dei nedervde namna *Grøtnipa* og *Grøtnipevatnet*, noko som ville vera ein klar parallell til *Strandanipa* og *Strandanipetunnelen*. Me viser her til pkt. 6 i utfyllande reglar: *Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen*. Det er verdt å nemna at Språkrådet òg tilrådde skrivemåten *Strandanipe-* med e i dette tunnelnamnet då dei fekk denne saka til tilråding.»

Sentrale problemstillingar

Klaga frå Kartverket fell bort dersom fylkeskommunen endrar vedtaket slik dei tilrår. Dersom vedtaket ikkje vert endra, må fylkeskommunen handsame saka på nytt med lokal høyring og ny framlegging til Stadnamntenesta. Dersom fylkeskommunen etter ferdig handsaming held fast på det opphavelige vedtaket, skal saka sendast til Klagenemnda for stadnamnsaker, som gjer endeleg vedtak.

Før saka vert lagt fram for hovudutvalet, er namnesaka på nytt sendt til Selje kommune og Språkrådet v/Stadnamntenesta på Vestlandet til ny vurdering.

I brev av 27.02.19 uttaler Selje kommune at dei er samde med Kartverket om at namnet bør vere Strandanipetunnelen - ikkje Strandanipatunnelen.

I brev av 28.03.19 skriv Språkrådet at dei finn all grunn til å støtte Kartverket om at tunnelnamnet bør skrivast med e-fuge. Dette er i tråd med det Språkrådet tilrådde då saka var til høyring første gongen, hausten 2017. Språkrådet tilrår altså at namnet på tunnelen vert Strandanipetunnelen, ikkje Strandanipatunnelen.

2. Vurderingar og konsekvensar

Ved fastsetting av namn på nye anlegg/objekt bør fylkeskommunen følgje gjeldande lover og reglar. I dette tilfellet lov om stadnamn og dei prinsippa som er nedfelt der. Vi må også ta omsyn til dei skrivemåtane som er alt er registrerte som godkjende eller vedtekne i det offisielle registeret for stadnamn i Norge, Sentralt stadnamnregister (SSR).

Dersom fylkeskommunen opprettheld sitt vedtak om Strandanipatunnelen etter ein ny runde med høyring, vil saka bli sendt til, og avgjort av, klagenemnda for stadnamn.

Klagesaka frå Kartverket har no vore ute på høyring. Både Selje kommune og Språkrådet støttar Kartverket i at skrivemåten må vere Strandanipetunnelen.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet å ta klagen frå Kartverket til følgje og endre namnet på tunnelen ved Kleiva til Strandanipetunnelen.